

PILAR III 2014

Offentleggjøring av
finansiell informasjon

Luster Sparebank 

INNHALD

INNHALD	1
TABELLOVERSIKT	1
1. INNLEIING.....	2
1.2 Overordna styring	2
2. ANSVARLEG KAPITAL.....	3
2.1 Ansvarleg kapital.....	3
2.2 Kapitaldekning	3
3. PILAR I – Minstekrav til ansvarleg kapital (Kapitaldekning)	4
3.1 Kredittrisiko.....	4
3.1.1 Privatmarknaden.....	5
3.1.2 Bedriftsmarknaden	5
3.2 Operasjonell risiko	5
4. PILAR II - Vurdering av samla kapitalbehov og tilsynsmessig oppfølging (ICAAP).....	5
4.1 Kredittrisiko.....	6
4.2 Marknadsrisiko.....	6
4.3 Operasjonell risiko	6
4.4 Likviditetsrisiko	7
4.5 Forretningsrisiko og strategisk risiko	7
5. KREDITTEKSPONERING	8
5.1 Engasjement fordelt på sektorar og næring	8
5.2 Utlån fordelt etter løpetid	8
6. OVERSIKT OVER TAP OG NEDSKRIVINGAR I PERIODEN	9
7 TOTALKAPITALBEHOV (PILAR II)	10
8 ANDRE OPPLYSNINGAR	11
8.1 Eigenkapitalopplysningar utanfor handelsporteføljen:	11
8.2 Renterisiko utanfor handelsporteføljen.....	11

TABELLOVERSIKT

Tabell 1: Ansvarleg kapital	3
Tabell 2: Oversikt over kapitalkrav og kapitaldekning	4
Tabell 3: Geografisk fordeling av utlån	6
Tabell 4: Netto utlån og garantiar fordelt på næringar og personmarknaden	8
Tabell 5: Utlån fordelt etter løpetid	8
Tabell 6: Individuelle nedskrivningar	9
Tabell 7: Nedskrivning på grupper av lån	9
Tabell 8: Ikkje inntektsførte renter utlån	9
Tabell 9: Amortisering på tapsmerka utlån.....	9
Tabell 10: Eigenkapitalpostar utanfor handelsporteføljen	11
Tabell 11: Renterisiko utanfor handelsportefølja	11

1. INNLEIING

Dette dokumentet er meint å dekke krav til offentleggjering av banken si risiko- og kapitalstyring i samsvar med kapitalkravsføreskrifta del IX.

Kapitalkravforskrifta, som trådde i kraft 1. januar 2007, set rammevilkår til kapitalkrav for finansnæringa. Dette er det europeiske rammeverket Basel III/ CRD IV, som er ei vidareutvikling av det tidlegare Basel II. Luster Sparebank tok dei nye reglane i bruk frå 1.1.2008. Frå 30. september 2014 blei det innført nye bufferkrav utover kapitalkravet.

Regelverket består av tre pilarar:

PILAR I: Minstekrav til ansvarleg kapital (Kapitaldekning)

PILAR II: Vurdering av samla kapitalbehov og tilsynsmessig oppfølging (ICAAP)

PILAR III: Offentleggjering av finansiell informasjon

Ein vil i dette dokumentet gjere greie for dei viktigaste risikoane banken er utsett for, samtidig som ein gjer greie for banken si handtering og styring av desse risikoane.

1.2 Overordna styring

Styret er det ansvarlege styrande organet i banken og har såleis det øvste ansvaret for risikostyringa. Alle leiarar i banken skal årleg foreta ein gjennomgang av alle vesentlege risiki i avdelinga og vurdere tiltak mot desse. Leiarane rapporterer til banksjefen som vidare rapporterer til styret. Det vert i denne rapporteringa vurdert risikonivå på dei viktigaste risikoane, og ansvaret for dei ulike risikotypene blir definert. Avdelingsleiarane rapporterer samstundes kvaliteten på internkontrollen i banken, kva tiltak som er sette i verk, korleis dei fungerer og eventuelle framlegg til endringar/forbetringar.

ICAAP-dokumentet (Pilar II) er banken sitt viktigaste dokument vedrørande risikostyring og måling av risiko.

Styret har ansvaret for at banken har ei forsvarleg kapitalstyring ut frå vedteken risikoprofil og krav frå det offentlege. Styret fastset overordna mål, strategiar og har ansvar for å ivareta kapitaldekninga ved vekst og endring i forvaltningskapitalen. Styret fastset alle rammer, fullmakter og retningslinjer for likviditetsplassering, innlån og utlån, samt reglar som skal bidra til ein høg etisk standard. Styret gjennomgår kvartalsvis store og risikofylte engasjement.

Banksjef har ansvaret for den overordna risikostyringa. Det betyr at banksjefen har ansvar for at det vert implementert effektive risikostyrings- og kontrollsystem og at risikoeksponeringa vert overvaka. Banksjefen er ansvarleg for rapportering til styret.

Øvrige leiarar i banken har ansvar for å styre risiko og sikre internkontroll innanfor sine ansvarsområder i tråd med banken sin vedtekne risikoprofil.


Controller rapporterer til økonomisjef og er ansvarleg for organisering og oppfølging av internkontrollen i banken.

Kredittnemnda handsamar større engasjement, tapsmerka engasjement og saker av spesiell karakter.

Banken har ikkje utstedt eigenkapitalbevis. Såleis kan banken tenke langsiktig og konsentrere seg om positiv utvikling med tanke på soliditet, likviditet og avkastning uavhengig av omsyn til utbytte til eigarar. Press utanfrå kjem først og fremst frå utlåns- og innskotskundar samt frå eksterne långjevarar.

2. ANSVARLEG KAPITAL

2.1 Ansvarleg kapital



Banken har per 31.12.2014 ein ansvarleg kapital på mill. kr 338. Dette er 100 % kjernekapital. Kjernekapitalen består av eigenkapital/sparebanken sitt fond på mill. kr 334, pluss gåvefond på mill. kr 13. Det er teke omsyn til frådrag i form av utsett skattefordel, goodwill og eigarandeler og ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar. Frådrag for eigarandeler og ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar blir rekna ut frå vår eigarpost og medlemsinnskot i Kredittforeningen for Sparebanker.

Ansvarleg kapital (tal i heile mill)	31.12.14	31.12.13
Kjernekapital (tal i mill kr)	347,30	322,60
Sparebankens fond	334,00	311,10
Gåvefond	13,30	11,50
Fradrag til kjernekapital	-9,50	-9,65
Utsatt skattefordel	-4,70	-3,30
Bokført goodwill og andre immaterielle eigendelar	-2,10	-2,30
Overfinansiering av pensjonsforpliktelsar		
Bokført verdi av eigarandeler i finansinstitusjonar	-1,80	-2,60
Bokført ansvarleg kap. i andre finansinstitusjonar	-0,90	-1,45
Tilleggskapital	0,00	0,00
Overskytande av fondsobligasjonar	0,00	0,00
Urealiserte verdiendingar	0,00	0,00
Netto ansvarlig kapital	337,80	312,95
Kjernekapital utgjer 100 %		

Tabell 1: Ansvarleg kapital

2.2 Kapitaldekning

Pilar I set minstekravet til kapitaldekning på 8 % der minst 4,5% skal vere rein kjernekapital. Pr 31.12.2014 var berekningsgrunnlaget for kapitaldekninga mill kr. 1.616. Det gjev eit krav til ansvarleg kapital på mill. kr. 129,3 etter fradrag. Luster Sparebank har altså ein solid kapitaldekning ved årsskiftet med ein netto ansvarleg kapital på mill. kr 338. Det gjev ein kapitaldekningsprosent etter Pilar I på 21.09%. Styret har sett som mål at denne ikkje skal falle under 16 %. Alle engasjementa til banken blir delt inn i ulike kategoriar etter kva risikoklassar dei kjem inn under. Dei fleste privateigde aksjeselskap og landbruk kjem inn under *Føretak*, alle engasjement der det er stilt sikkerheit i bustad kjem under *pant i bustad*. Banken nyttar ikkje ratingbyrå for å vurdere kva risikovekt engasjementa skal ha. Nedanfor er ei oversikt over kapitalkrav for dei ulike kategoriane.

Minimumskrav ansvarlig kapital (tal i mill kr)	31.12.14	31.12.13
Kredittrisiko	119,85	109,09
Statar og sentralbankar	0,00	0,00
Lokale og Regionale myndigheiter	0,51	0,80
Offentleg eigde føretak		0,01
Institusjonar	5,48	5,06
Foretak	28,40	25,86
Pant i bustad	62,03	61,97
Forfalte engasjement	2,95	1,16
Høgrisiko-engasjement	0,00	0,00
Obligasjonar med fortrinnsrett	1,06	1,36
Andelar verdipapirfond	3,87	2,65
Øvrige engasjement	15,56	10,23
Operasjonell risiko	9,45	9,45
Fradrag i kapitalkravet	0,00	-1,06
Ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	-0,33
Nedskrivningar på grupper av utlån	0	-0,73
Sum krav til ansvarleg kapital Pilar 1	129,30	118,54
Berekningsgrunnlag	1.498	1.469
Overskot ansvarleg kapital etter Pilar 1	212	195
Kapitaldekningsprosent	21,09 %	21,32 %

Tabell 2: Oversikt over kapitalkrav og kapitaldekning

3. PILAR I – Minstekrav til ansvarleg kapital (Kapitaldekning)

Regelverket inneber eit krav på minimum 8 % kapitaldekning i forhold til den ansvarlege kapitalen. Under Pilar I skal ein berekne kapitalkrav for kredittrisiko, operasjonell risiko og marknadsrisiko. Det finst ulike måtar å rekne kapitalkravet på. Luster Sparebank nyttar standardmetoden for utrekning av minimumskrav etter Pilar I.

Luster Sparebank har ikkje handelsportefølje over 5% av forvaltningskapitalen og eignelutar i aksjar og tilsvarande er samstundes lågare enn 15 mill. EUR. Difor blir det ikkje rekna ut marknadsrisiko etter Pilar I, det er likevel sett av kapital til dette under Pilar II.

3.1 Kredittrisiko

Kredittrisiko er risikoen som ligg i utlånsportefølja og oppstår når kundane våre ikkje greier å halde betalingsforpliktingane sine ovanfor banken. Løyvingsfullmakter og kredittstrategi ligg til grunn ved løyving av nye engasjement. Det er lagt opp ulike beløpsfullmakter på dei tilsette og større engasjement må handsamast i kredittnemnda. Panteobjekt er hovudsakleg bustad eller fritidseigedom. Pr. 31.12.2014 utgjorde lån med pant i bustad eller fritidseigedom 78,3 % av totale utlån til kundar, mot 78,2 % pr. 31.12.2013. Ved billån vert det teke salspant i bil eller pant i bustad. For lån med pant i bustad vert takst eller meklarvurdering lagt til grunn for verdifastsetjinga. For bustadlån under kr 500.000 i eigen kommune kan ein unntaksvis setja verdi på bakgrunn av lokalkunnskap. Jordbrukseigedommar i kommunen nyttar ein vurdering frå Luster Landbrukskontor. Det er vedteke at lån med annan sikkerheit enn bustad maksimalt skal utgjere 1/3 av banken sine totale utlån.

3.1.1 Privatmarknaden

Banken nyttar eit risikoklassifiseringssystem for kredittengasjement. Vi klassifiserer alle engasjement i risikoklassane A til K, der A er best og K er misleghaldne engasjement. Med utgangspunkt i dei 11 risikoklassane vert engasjementa delt inn:

- Risikoklasse A – D: Låg risiko
- Risikoklasse E – G: Middels risiko
- Risikoklasse H – J: Høg risiko
- Risikoklasse K: Kundar med misleghald / ikkje kredittverdige

Omgrepet risikoklasse avspeglar berre kunden si betjeningsevne. I risikoklassifiseringsprosessen må vi difor alltid ta omsyn til realisasjonsverdi av eventuelle sikkerheitar.

3.1.2 Bedriftsmarknaden

På næringslivskundar nyttar ein Expert-modellen der intern åtferd, ekstern åtferd, rekneskap og fakta er variablar som påverkar resultatet.

Næringslivskundar som ikkje har rekneskap (t.d. nye kundar) blir vurdert i modellen Bedriftsmarknad Andre der ein bygger på data ein får frå Lindorff.

3.2 Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risikoen for tap som skuldast svakheiter eller feil ved prosessar og system, samt feil begått av tilsette eller eksterne hendingar. Under Pilar I vert det sett av 15 % av gjennomsnittleg inntekt siste 3 år.

Styret har utarbeidd eit strategidokument for perioden 2013 – 2015. Der er det lagt vekt på at mål og strategiar skal vere tydelege og oversiktlege. Det blir årleg føreteke eigenevaluering av overordna styring og kontroll i Luster Sparebank. Vurderinga byggjer på dokument utarbeidd av Finanstilsynet. Der går styret gjennom vurdering av organisasjonsstruktur, styret sitt ansvar og oppgåver, interne kontroll- og overvakingfunksjonar og opplysningskrav.

Det vert årleg utarbeidd ei stadfesting vedkomande internkontrollen der det vert rapportert oppover i organisasjonen om status på internkontrollen innanfor dei einskilde organisatoriske einingane. Stadfestinga dannar grunnlag for forbetringar på identifiserte område.

4. PILAR II - Vurdering av samla kapitalbehov og tilsynsmessig oppfølging (ICAAP)

Der Pilar I berre omhandlar kredittrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko går Pilar II vidare og seier at banken skal vurdere og grunngje sitt samla kapitalbehov og herunder drøfte og setje av ekstra kapital for alle dei risikoane banken kan vera utsett for. Ein må då også vurdere å setje av kapital utover minstekravet for kredittrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko.

Styret i Luster Sparebank legg vekt på at banken skal ha ein moderat risikoprofil som er tilpassa soliditet og kompetansenivå. Gjennom året vert det føreteke løpande rapportering og evaluering av dei viktigaste risikotilhøve knytte til banken si verksemd. Luster Sparebank definerer at dei viktigaste risikoane våre er i form av kredittrisiko, marknadsrisiko, operasjonell risiko og likviditetsrisiko. Desse risikoane blir følgde opp mellom anna med regelmessig rapportering til styret, årleg budsjettering, banken sitt internkontrollprogram og rapportar frå kontrollkomité og ekstern revisor. Det er utarbeidd ulike strategidokument av styret som skal hjelpa til med å kontrollere og styre desse risikoane. Alle leiarar kartlegg og vurderer årleg alle vesentlege risikoar dei representative avdelingane er utsette for.

4.1 Kredittrisiko

Ved utrekning av behovet for tilleggskapital for kredittrisiko vert det gjort tillegg i kapitalbehovet som følge av restrisiko og konsentrasjonsrisiko. Restrisiko har vi vurdert til risikoen for at verdien på pantet til ein del av vår utlånsmasse med pant i bustad, kan falle og såleis få ei høgare risikovekting enn opphavleg. Konsentrasjonsrisiko er risikoen som ligg i å ha større engasjement med aktørar som har økonomisk påverknad på kvarandre (konglomerat) og konsentrasjon i form av geografiske område eller bransjar.

For å unngå konsentrasjonsrisiko, skal konglomerat normalt ikkje overstiga 20 % av banken sin ansvarlege kapital. Bedriftsengasjement skal normalt liggje innanfor 10 % av banken sin ansvarlege kapital. Utlån til enkeltbransjar innanfor næringsliv skal maksimalt utgjere 7,5 % av banken sin totale utlånsmasse.

Den geografiske fordelinga pr. 31.12.2014 ser slik ut:

(tal i mill. kr)	Brutto utlån	Garantiar
Luster	1.175	19
Resten av Sogn og Fjordane	328	3
Noreg utanfor Sogn og Fjordane	948	2
Sum	2.453	24

Tabell 3: Geografisk fordeling av utlån

4.2 Marknadsrisiko

Marknadsrisiko består av renterisiko og aksjerisiko. Renterisiko oppstår når det er ulike tidsfristar på innskot og utlån ved renteendringar. Det vil seie at det ligg risiko for banken i å ha fastrentekontraktar på innskot og utlån, samstundes som mesteparten av innlåna/fundinga er NIBOR-regulert med kvartalsvise renteendringar. Ved plassering i verdipapir, fastrenteutlån, fastrenteinnskot og innlåning er det vedteke at netto rentefølsomheit ved 1 % renteendring skal vere maks 200 milliår (kr 2 millionar ved 1 % renteendring). Netto renterisiko i alle postar pr 31.12.2014 var positivt med 70 milliår. Talet pr. 31.12.2013 var positivt med 160 milliår.

Banken har ei portefølje med strategiske aksjepostar som ikkje først og fremst skal generere gevinst på kort sikt. Desse aksjane kan berre seljast etter styrevedtak. I tillegg har banken omløpsaksjar og fondsandelar. Risikoen her blir kontrollert ved at banksjefen gjer ei vurdering kvar gong kursen endrar seg med 10 %.

For marknadsrisiko er det utrekna tilleggskapital under Pilar II for fall i verdiar på omløpsaksjar, grunnfondsbevis, aksjefond og nokre strategiske aksjepostar. Det er også utrekna tilleggskapital for andel i ferieileilighet og endring i rentenivå.

4.3 Operasjonell risiko

For operasjonell risiko under Pilar II har banken sett av same kapital som under Pilar I. I tillegg til det har ein vurdert eksterne påverknader under forretningsrisiko og strategisk risiko.

Gjennom samarbeidet med Dei Samarbeidande Sparebankane (DSS) har Luster Sparebank ein felles avtale med dataleverandøren EVRY. DSS er viktig for å kunne dra nytte av synergjar gjennom bl.a. meirsal, kostnadssparing og stordriftsfordeler ved å inngå felles avtalar mot leverandørar. Samarbeidet byggjar på forretningsmessige prinsipp. DSS-bankane består av: Haugesund-, Etne-, Flekkefjord-, Lillesand-, Skudenes & Aakra-, Søgne og Greipstad-, Voss-, Spareskillingsbanken og Luster Sparebank.

4.4 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje klarar å halda forplikingane sine ovanfor innskotskundar, långjevarar og leverandørar. Styret i Luster Sparebank har utarbeidd eit eige dokument for likviditetsstrategi med oversikt over underliggjande fullmakter. Styret legg opp til at det ikkje skal takast risiko på dette området av eit omfang som kan setje banken sin likviditetssituasjon i ein kritisk posisjon. Kvar månad vert likviditetssituasjonen rapportert til styret som ein del av banken si rekneskapsrapportering. Det er gjort stresstestar på 2 % risikotillegg i marknaden ved fornying og opptak av ny funding/innlån. Det er sett på situasjonar der dei 3 største innskota forsvinn og at ein må finansiere ein budsjettert større auke i utlån enn innskot. Det er utrekna tilleggs kapital for å kunne dekke opp denne kostnaden. Luster Sparebank hadde pr. 31.12.2014 ei innskotsdekning på 87,32 %. Denne har lege mellom 79 % og 88 % dei siste åra. Det er eit mål at denne ikkje skal under 75 %. Vi måler også månadleg og til kvart styremøte korleis vi ligg i høve til andre måltal som er sett i høve til likviditetsstrategien. Dette gjeld blant anna likviditetsindikator I og II som er fastsett av Finanstilsynet. Luster Sparebank er inne på eigarsida i Verd Boligkreditt AS. Ordninga er med på å sikre banken betre framtidig funding og likviditet.

4.5 Forretningsrisiko og strategisk risiko

I tillegg til ovannemnde risikoar er det vurdert risiko i form av forretningsrisiko/strategisk risiko der eksterne faktorar kan medføre uventa endringar i inntekter eller kostnader. Det kan vere konkurransetilhøve som fører til redusert volum og prispress, eller reguleringar som reduserer lønsemda gjennom bortfall av inntekter eller auka kostnader. Tap oppstår dersom banken ikkje maktar å tilpasse seg slike endringar.

Det er gjort stresstestar på bortfall av provisjonsinntekter frå andre forretningsområde og risiko vedrørande strategiske aksjeplasseringar. God strategisk planlegging er det viktigaste verktøyet for å redusere risikoen.

5. KREDITTEKSPONERING

5.1 Engasjement fordelt på sektorer og næring

I høve landsgjennomsnittet for banker er Luster Sparebank overeksponert innad handel/turisme. Banken er under gjennomsnittet eksponert mot transport og tenesteyting ellers.

Netto utlån og garantiar fordelt på næringer og personmarknaden (tal i mill kr)								
	31.12.2014	Brutto utlån	Garantar	Unyttat kreditt	Mislig holdte	Taps utsatte	Ind. tapsnedskrivningar	Gruppe nedskrivning
Personkunder		1.818	0,3	92,5	12,3	0,0	5,9	0,0
Kommunar og offentlig sektor		32	0,1					
Finans og andre sektorer utanom næring		7	1,5	0,0	0,5	0,0	0,5	
Næringer:								
Primærnæring		63	0,0	13,2	0,0	0,0	0,0	
Industri, bygg og anlegg		135	17,0	7,3	0,0	0,0	0,0	
Varehandel, hotell- og restaurantdrift		124	1,9	12,0	13,7	0,0	3,1	
Eigedomsdrift og forr.messig tenesteyting		248	1,5	16,6	2,2	0,0	1,3	
Transport og tenesteytande ellers		26	2,2	3,8	0,4	0,0	0,4	
<i>Sum næring</i>		<i>596,0</i>	<i>22,6</i>	<i>52,9</i>	<i>16,3</i>	<i>0,0</i>	<i>4,8</i>	<i>0,0</i>
Totalt		2.453,0	24,5	145,4	29,1	0,0	11,2	0,0

Tabell 4: Netto utlån og garantiar fordelt på næringer og personmarknaden

Misleghaldne engasjement er engasjement der terminbeløp ikkje er innbetalt 90 dagar etter forfall. Tapsutsette engasjement er engasjement i den høgste risikoklassa og som står i fare for at betalingsevne og vilje kan bli for låg.

5.2 Utlån fordelt etter løpetid

(tal i mill kr)	Sum	Inntil 1 mnd	1 - 3 mnd	3 mnd - 1 år	1 år - 5 år	Over 5 år	Utan restløpetid
Løpetid							
Brutto utlån	2.453	10	20	99	441	1.626	258

Tabell 5: Utlån fordelt etter løpetid

6. OVERSIKT OVER TAP OG NEDSKRIVNINGAR I PERIODEN

Individuelle nedskrivningar (tal i mill kr):	31.12.14	31.12.13
Nedskrivningar pr 1/1	8,92	16,71
Konstaterte tap dekket av tidligere nedskrivningar	-1,20	-11,19
Auka individuelle tapsnedskrivningar i perioden	1,22	1,41
Nye individuelle tapsnedskrivningar i perioden	0,85	3,47
Attendeføring av individuelle taåsnedskrivningar i perioden	-1,45	-1,48
Tapsnedskrivning på individuelle lån og garantiar 31/12	8,34	8,92

Tabell 6: Individuelle nedskrivninga

Nedskrivning på grupper av lån (tal i mill kr)	31.12.14	31.12.13
Nedskrivning på grupper av lån 1/1	9,15	10,60
Nedskrivning på grupper i perioden til dekking av tap på utlån	2,95	-1,45
Nedskrivning på grupper av lån 31/12	12,10	9,15

Tabell 7: Nedskrivning på grupper av lån

Ikkje inntektsførte renter utlån	31.12.14	31.12.13
Påløpne, ikkje inntektsførte renter 1/1	2,93	3,42
Årets inntektsføring av tidlegare års renter	-0,74	-0,08
Tidlegare attendeførte renter på konstaterte tap	0,76	-1,86
Netto årets påløpne ikkje inntektsførte renter på tapsutsette	2,06	1,45
Påløpne ikkje inntektsførte renter 31/12	3,48	2,93


Tabell 8: Ikkje inntektsførte renter utlån

Amortisering på tapsmerka utlån	31.12.14	31.12.13
Amortisering 1/1 omrekna (brutto)	1,01	0,79
Resultatført eff. av amortisering under renter	-1,05	-0,67
Nye amortiseringar	0,01	0,85
Netto endring amortisering tidlegare nedskrive	0,35	0,05
Amortisering 31/12	0,32	1,01

Tabell 9: Amortisering på tapsmerka utlån

7 TOTALKAPITALBEHOV (PILAR II)

Den totale kapitalen synar kor mykje kapital banken treng for å dekke framtidig risiko banken er utsett for. Diagrammet nedanfor syner fordelinga av kapitalavsetninga i Pilar II på dei ulike risikoane. I tillegg til den vurderte risikoen med tilhøyrande avsett kapital, er det sett av ein buffer. Bufferen er meint å styrke den totale kapitalen for å vege opp for risikoar banken ikkje har kunne føresett ved utrekning av det totale kapitalbehovet og for betre kunne tåle uventa tap som kjem samtidig i dei forskjellige risikoane. Tala er basert på ICAAP-berekinga for 2014.



Kapitalbehovet for Pilar I og II var mill. kr 201,8 pr. 31.12.2014. Faktisk ansvarleg kapital var mill. kr 340,8. Dette gjev ein kapitaldekning på 12,84 % med overskot på ansvarleg kapital på mill. kr 114,07. ICAAP berekingane er eit hjelpemiddel for banken til å få eit inntrykk av kor mykje kapital banken bør setje av dersom ein skulle komme i eit worst-case scenario. Det vil i røynda ikkje vere sannsyn for at alle stressa situasjonar vil inntreffe samstundes. Ut frå banken sine strategiar og risikosituasjon vurderer styret det for tida naturleg med ein margin på ICAAP til 3,0 %. Utifrå denne føresetnaden blir ICAAP behovet vurdert til mill. kr 226,75 som banken har god margin for med ein ansvarlig kapital på mill. kr 340,8.

8 ANDRE OPPLYSNINGAR

8.1 Eigenkapitalopplysningar utanfor handelsporteføljen:

Obligasjonar og sertifikat

Banken sine obligasjonar er ordinær bankportefølje med hensikt å dekke likviditetskravet. Dei er difor klassifisert som øvrige omløpsobligasjonar. Obligasjonane vert netto verdsett til lågaste av kjøpskurs og marknadskurs.

Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis

Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis som inngår i handelsportefølje blir klassifisert som omløpsmidlar. Dei vert vurdert til lågaste av kjøpskurs og marknadskurs.

Aksjar og grunnfondsbevis som er klassifisert som strategiske investeringar kan kun seljast og kjøpast ved styrevedtak. Desse vert i utgangspunktet vurdert til kostpris. Men er marknadsværdien lågare og nedgangen er vurdert som varig, vert aksjen nedskreven for tapet.

Nedanfor er ei oversikt over eigenkapitalposisjonar pr. 31.12.2014 fordelt etter formål og type.

(tal i mill. kr)	Bokført verdi	Virkelig verdi
Gevinstformål:	11,36	13,98
-børsnoterte aksjar og grunnfondsbevis	3,57	4,77
-aksjefond	7,79	10,38
Strategisk formål:	46,99	-
-børsnoterte aksjar og grunnfondsbevis	3,79	-
-andre aksjer og andelar	43,20	-

Tabell 10: Eigenkapitalpostar utanfor handelsporteføljen

8.2 Renterisiko utanfor handelsporteføljen

Det vert berekna renterisiko for posisjonar utanfor handelsporteføljen i samband med årsoppgjæret. Renterisikoen blir målt i milliår utifrå rentebindingstida.

	Bokført (mill kr)	Restløpetid (år)	Renterisiko (milliår)
Obligasjonar	161,30	2,30	26,4
Medlemsinnskot i KFS	7,35	1,35	17,28

Tabell 11: Renterisiko utanfor handelsportefølja